



Notat

Dato: 25.11.2015
Arkivsak: 2015/10844-11
Saksbehandlar: josfjer

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Auka behov for mottaksplassar for asylsøkjjarar - kartlegging av moglege stader for innkvartering

I møte til fylkesutvalet 19.11.2015 i samband med behandlinga av PS 314/15 bad Mona Røsvik Strømme om følgjande:

"Ber om å få fylkeskommunens tilbakemelding vedr. arealer ledig til bruk for flyktningeinnekvartering."

Fylkeskommunen har i forbindelse med fylkesmannen sin førespurnad om ledige lokale til bruk for flyktningeinnekvartering gjennomgått bygningsmassen og eventuelle tomter. Førespurnaden gjaldt primært lokalar som er ledige på kort sikt. Hordaland fylkeskommune har to bygg som vert ståande tom innan kort tid. Dette er Sjøguttskolen på Melkeplassen og 5 etasjar i Strandgaten 196. Ingen av desse bygga viste seg å væra tenlege. Strangaten 196 er eit kontorbygg og fylkeskommunen eig dette saman med Vest Bo. Det krev ein byggjesøknad og vesentleg ombygging for å kunne nytta bygget til bustadformål. Sjøguttskolen på Melkeplassen er eit bygg som er planlagt å riva og kvaliteten på bygget er på eit slik nivå at det må betraktast som ein tomt.

I tillegg har Hjeltnes vgs vore vurdert. Dette fordi at skulen har fasiliteter som egner seg for et mottak og fordi det er i gang ei vurdering om flytting av skuletilbodet til nye skular på Voss. Det har vore kontakt med ordførar i Ulvik for å diskutera mogelighetene for slik løysing. Vurderinga så langt er at Ulvik allereie har flyktningemottak under oppbygging og at belastninga blir for stor på eit lite samfunn med endå eit stort mottak. Samla så er difor konklusjonen at Hordaland fylkeskommune ikkje har bygg tilgjengeleg som kan nyttast til flyktningeinnekvartering.